

Saksnr: 2019/52-2  
Saksbehandlar: Roald Breistein

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval  
Kontrollutvalet

Utv.saksnr. Møtedato

#### Rutinar i kontrollutvalet

##### Forslag til vedtak

1. .... vil ha abonnement på Kommunal rapport som digital dagsavis + vekesavis.  
.... vil ha abonnement på Kommunal rapport som digital dagsavis.
2. .... vil ha abonnement på Kommunerevisoren.
3. .... kan delta på NKRF-konferanse på Gardermoen 29. – 30.01.2020
4. Leiar i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune kan delta på kontrollutvalsleiarskulen 21. – 22.04.2020 på Gardermoen i regi av FKT
5. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
6. Kontrollutvalet tar elles informasjonen til orientering.

#### Samandrag

Det er ein del praktiske rutinar som gjeld kontrollutvalet som det kan vera nyttig å få avklart, informert om og verta einige om i det første møtet i utvalet. Denne saka tek sikte på å få avklart og verta samde om slike rutinar.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det er ein del praktiske rutinar som gjeld kontrollutvalet som det kan vera nyttig å få avklart, informert om og verta einige om i det første møtet i utvalet. Denne saka tek sikte på å få avklart og verta samde om slike rutinar.

### Vedtakskompetanse

Kostnader som måtte komme av denne saka vi verta belasta kontrollutvalet sitt budsjett. Vedtakskompetanse ligg difor hos utvalet.

### Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går fram over er det desse rutinane/punkta som må avklarast/informerast om:

1. Rutinar for innkalling til møte i kontrollutvalet
  - Alle medlemmene vil få utdelt iPad til bruk i arbeidet i kontrollutvalet. Det betyr at møteinkallinger ikkje vert send ut på papir. Dei som ikkje har motteke iPad tidlegare kan kvittere ut denne i møterommet frå kl. 10.30 på møtedagen.
  - Tanken er at møteinkallingar, møteprotokollar mv. skal kunne lastast inn på iPad ved hjelp ein App som heiter ePolitiker. For å kunne opne, lese og skrive merknader direkte i dokumenta treng ein i tillegg ein App som heiter GoodReader. Meir informasjon om korleis du bruker GoodReader finn du på ePolitiker under kategorien «Handbok for folkevalde».
  - Dersom det er ønskjeleg med opplæring i bruk av iPad, med tilhøyrande verktøy, kan dette gjerast i første møte i 2020.
2. Abonnement på Kommunal rapport
  - Det har til no vore vanleg at dei faste medlemmene i kontrollutvalet kan abonnere på Kommunal rapport. Ein kan velje om ein vil ha avisar som digital dagsavis + vekesavis ca. 40 veker/år – kr. 3 490 pr. år eller som digital dagsavis – kr. 3 390 pr. år.
3. Abonnement på Kommunerevisoren
  - Det har til no vore vanleg at dei faste medlemmene i kontrollutvalet kan abonnere på Kommunerevisoren, som Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) gjev ut, kr. 425 pr. år for 6 blad pr. år
4. Folkevaldopplæring for kontrollutvalet
  - Folkevaldopplæring for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune skal haldast på Solstrand Hotel & Bad 21. – 22.01.2020 saman med kontrollutvala i Møre og Romsdal og Rogaland fylkeskommunar.
5. Aktuelle konferansar/kurs i 2020 med kontrollutval som målgruppe
  - Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) skal halde sin årlege kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 29. – 30.01.2020
  - Kontrollutvalsleiarskulen som Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) skal arrangere 21. – 22.04.2020 på Gardermoen. Detter er eit kurs retta særskilt mot leiaren i kontrollutvalet.
  - Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) skal halde sin årlege fagkonferanse på Gardermoen 03. – 04.06.2020
  - Det vert tilrådd at kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har deltakarar på desse konferansane/kurset.
6. Kontrollutvalet og media
  - Slik sekretariatet ser det vil det vera føremålstenleg at det er leiar i kontrollutvalet som uttaler seg til media på vegne av utvalet. Det vert tilrådd at det vert gjort vedtak om dette.

### Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over tilråd til sekretariatet at det vert gjort slike vedtak.